

Tyske studentar vitjar SFE

Dei to tyske studentane Johannes Grede (23) og Gerrit Hofbauer (25) har vore utplasserte hos Sogn og Fjordane Energi (SFE) sidan midten av september. – Opphaldet har vore interessant og lærerikt. Vi er svært godt nøgde med det vi har fått vere med på, seier dei.

F.T.: Inger H. Aske Lothe

Johannes Grede og Gerrit Hofbauer går siste året ved Technische Universität Clausthal i Nord-Tyskland, og utdannar seg til å bli kraftsystem-ingeniørar. Clausthal er det einaste universitetet i Tyskland som har dette utdanningstilbodet.

Godt nøgde

Dei to studentane kom til Sandane 15. september. Gerrit Hofbauer reiser i desse dagar tilbake til Tyskland, medan Johannes Grede blir verande til midten av desember.

– Kva har de gjort desse veke- ne?

– I starten hadde vi to veker med innføring, deretter arbeide vi tre veker for Vestavind Kraft AS. Dei siste vekene har vi jobba for Fjord Miljø Energi, der Sogn og Fjordane Energi eig 49 prosent av aksjane. Her har vi jobba med bioenergianlegg for produksjon av fjernvarme og elektrisitet. Det var spesialiseringa vår innan fornybar energi som førte oss til SFE og Sandane, fortel dei to studentane, som er godt nøgde med opphaldet.

Kol står for halvparten

– Det har vore veldig interessant. Vi har fått jobbe med emne som eg ikkje kjende til på førehand. Vi har mykje vindkraft i Tyskland, men der er vindmøllene plasserte på landjorda og botnfast offshore. Her i Noreg jobbar ein med flytande vindtur-



Jannicke Lindvik i SFE har vore mentor for dei to tyske studentane, Gerrit Hofbauer og Johannes Grede (t.v.).

binar som skal plasserast ute i havet. Det hadde eg aldri høyrte om før, fortel Johannes Grede.

I heimlandet deira er halvparten av energiproduksjonen basert på kol. 25 prosent av energien kjem frå atomkraftverk, 15 prosent frå fornybar energi som vind og vatn, og resten kjem frå naturgass.

– Vi forbrenn 60 prosent av energien vi brukar. I den samanheng vart eg litt overraska då eg oppdaga at nordmenn, som har så mykje fornybar energi, er opptatt av å redusere CO₂-utslipp og utvikle seg på fleire område innan fornybar energi. I Tyskland får verksemdar støtte frå staten for å utvikle fornybar energi. Her driv SFE med akkurat det same, utan eit slikt omfattande støttesystem, seier Gerrit Hofbauer.

Han legg samtidig til at dei

under opphaldet har sett seg inn i korleis den norske kraftmarknaden fungerer. Den norske og den tyske marknaden er forskjellig fordi dei er knytt til to ulike børssystem.

– Mindre stressande

Dei to studentane ser ein del fordelar ved å jobbe i den norske energibransjen.

– I energibransjen i Tyskland dreier alt seg om å redusere kostnadene. Slik er det ikkje her i Noreg. I Tyskland jobbar folk 40 timars veke, medan nordmennene jobbar 37,5 timar i veka. Arbeidsdagen er også mindre stressande her. Det trur vi smittar over på korleis folk oppfører seg. Elles er nordmenn flinke til å hjelpe når dei seg vi treng det, seier dei.

På fritida har dei prøvd å lære seg litt norsk i løpet av dei vekene dei har vore i Gloppen. Dei har gått turar i nærområdet, men også vore til Bergen. Dei har delteke på treningar for SFE-tilsette, og Hofbauer har også vore aktiv

i Gloppen Padleklubb.

– Her på Sandane her de alt de treng, både når det gjeld aktivitetstilbod og butikkar. Ein tettstad i Tyskland med så få innbyggjarar vil ikkje ha alt ein treng, påpeikar Johannes Grede.

– Verdifullt for SFE

Marknadskonsulent i SFE, Jannicke Lindvik, er ein av dei som har hatt ansvaret for følgje opp dei to studentane.

– Vi er vane med å ha norske studentar på utplassering innan ulike fagfelt, men dette er den første gongen vi har utanlandske studentar på besøk. Kontakten oppstod gjennom utvekslingsorganisasjonen IAESTE (International Association for Exchange of Students for Technical Experience). Vi ønskte oss studentar som har fokus på fornybar energi sidan vi er opptatt av å utvikle oss på dette feltet, seier ho, og legg til at ei slik utveksling også er verdifull for SFE.